

## Behandling av bakterielle superinfeksjonar ved Covid-19 pneumoni.

Betraktingar gjort på bakgrunn av erfaringar frå Storbritania.

For Corona er det ikkje neuraminidase, men ACE2 som er nøkkelen for å komme inn i cellene.

Dermed kan ein heller ikkje seie noko kva bakterielle superinfeksjonar som vil vere mest sansynlege.

Like fullt tenker eg at det vert dei vanlege luftvegspatogene bakteriane som vert vanlegast. Vi har diskutert dette også innad på sjukehuset.

Anbefaling vert som før at ein bruker Apocillin hjå tidlegare lungefriske. Amoxicillin til lungesjuka for å dekke H. Influensae. Dei som får stafylokokk pneumoniar vert så dårlege at dei kjem til å bli lagt inn, så det treng de ikkje tenke på ute.

Ved penicillinallergi er det Doksisyklin eller Erytromycin som er valget. Her ville eg brukt Doksisyklin sidan Covid kan i seg sjølv gje kardiologiske komplikasjonar i arrytmi 12-17%, cardiomyopati 30% ( liten studie) og i ein studie fann dei at 7% døde av fulminant myocardit. I denne situasjonen vil det jo vere litt ubehageleg å ha gitt Erytromycin, som i seg sjølv kan vere noko kardiotoxisk..

For å gjere det enkelt: Standard antibiotikavalg ut frå antibiotika.no, men velg Doxsysyklin framfor Erytromycin der dette er eit valg.

Vennleg helsing

**Ole Lervik**

Overlege

/ +4740284280

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)